

Forskrift om inntak til vidaregåande opplæring og formidling til læreplass i Vestland fylkeskommune

Heimel: Fastsett av fellesnemnda for samanslåing av fylkeskommunane Sogn og Fjordane og Hordaland 23.5.2019 med heimel i forskrift til opplæringslova av 23.6.2006 nr. 724 § 6-2 og § 6 A-2.

§ 1 Formål og virkeområde

- (1) Denne forskrifta gjeld inntak til alle offentlege vidaregåande skular og formidling av lærlingar, praksisbrevkandidatar og lære-kandidatar i Vestland fylkeskommune. Forskrifta gir utfyllande reglar og kjem i tillegg til sentral forskrift, kap. 6 og 6A.

§ 2 Inntaksområder i Vestland fylkeskommune

- (1) Vestland fylkeskommune har to inntaksområder som følgjer tidlegare fylkesgrenser. Søkjarar busette i grenseområda mellom dei to inntaksområda, vert behandla i høve til eigen avtale.
- (2) Inntaksområde 1 gjeld for tidlegare Sogn og Fjordane.
- (3) Inntaksområde 2 gjeld for tidlegare Hordaland.

§ 3 Fylkesdekkjande tilbod

- (1) Tilbod som er tilgjengelig berre i eitt av inntaksområda er fylkesdekkjande tilbod som alle i Vestland fylke kan søkje på.
- (2) Søkjarar konkurrerer på like vilkår.

KAPITTEL 1. REGLAR FOR INNTAK I INNTAKSOMRÅDE 1

Del 1. Inntak

§ 1-1 Inntaksmodell

- (1) I inntaksområde 1 er det fritt skuleval. Søkjarane står fritt til å søkje til skular i heile inntaksområdet, uavhengig av kvar dei bur.
- (2) For søkjarar til programområde fylkeskommunen ikkje tilbyr kan fylkesrådmannen kjøpe skuleplassar i andre fylke. Dette gjeld berre søkjarar med ungdomsrett.
- (3) Søkjarar med ungdomsrett som bur i enkelte grenseområde med andre fylke kan ta ut retten sin i nabofylket. Søknadene skal handsamast etter egne avtalar mellom fylkeskommunane.
- (4) Fylkesrådmannen kan kjøpe skuleplass for søkjarar med ungdomsrett til andre fylkeskommunar etter individuell vurdering, dersom det er tungtvegande grunnar for dette.
- (5) Søkjarar som er folkeregistrerte i andre fylke, men der ein av foreldra er folkeregistrert i inntaksområde 1, kan etter søknad få ungdomsrett i inntaksområde 1.

§ 1-2 Inntak til vg1

- (1) Søkjarane må prioritere tre utdanningsprogram ved innsøking til vg1. Innanfor kvart utdanningsprogram kan det prioriterast inntil tre skular.
- (2) Inntaket vert gjennomført med grunnlag i karakterane frå grunnskulen, konkurransepoeng.
- (3) Dersom søkjaren ikkje har nok konkurransepoeng til å kome inn på nokon av dei prioriterte skulane, vil søknaden bli vurdert i høve andre skular som tilbyr dei prioriterte utdanningsprogramma.
- (4) Søkjarar som ikkje søker tre forskjellige utdanningsprogram kan bli plasserte på utdanningsprogram med ledig kapasitet.

- (5) Fylkesrådmannen kan ta inn deltidslevar når fulltidslevar med ungdomsrett har fått inntak.

§ 1-3 Inntak til vg2 og vg3

- (1) Søkjarane kan prioritere inntil tre programområde på vg2 og vg3 som han/ho er kvalifisert til. Innanfor kvart programområde kan søkjaren prioritere inntil tre skular.
- (2) Inntaket vert gjennomført med grunnlag i karakterane frå vg1 eller vg2, konkurransepoeng. Ved innsøking til vg2 vert karakterar frå v g1 lagt til grunn, og ved innsøking til vg3 vert karakterar frå vg2 lagt til grunn.
- (3) Søkjarar som ikkje har nok konkurransepoeng til å komme inn på prioriterte programområde og skular, vil bli vurdert i høve andre programområde som han/ho er kvalifisert til, men som ikkje er prioritert i søknaden.

§ 1-4 Inntak til vg1 musikk, dans og drama

- (1) Inntil 50 % av plassane til desse utdanningsprogramma kan tildelast på grunnlag av ferdigheitsprøve (inntaksprøve), i tillegg til poengsum (konkurransepoeng) på grunnlag av karakter.
- (2) Søkjarar som tek ferdigheitsprøve (inntaksprøve) får ut frå presentasjon/talent 3 til 10 tilleggspoeng. Tilleggspoenga kjem i tillegg til poengsum (konkurransepoeng).
- (3) Dette gjeld berre for søkjarar som har vg1 musikk, dans og drama som sitt første ønske. Prøven vert halden i fordjupinga og på skulen som er første ønske.
- (4) Fylkesrådmannen avgjer kva fordjupingar det skal gjennomførast ferdigheitsprøve (inntaksprøve) i.

§ 1-5 Inntak til vg1 på grunnlag av prestasjonar i idrett

- (1) I inntaksområde 1 er det to ordningar for inntak på grunnlag av dokumenterte ferdigheiter i idrett; Spissa idrettstilbod i vidaregåande skule for potensielle toppidrettsutøvarar og potensielle toppidrettsutøvarar.
- (2) Inntil 50 % av plassane på idrettsfag vg1 kan tildelast på grunnlag av ferdigheitsprøve (inntaksprøve), i tillegg til poengsum (konkurransepoeng) på grunnlag av karakterar.
- (3) Søkjarar til desse ordningane må sende søknadsskjema med vedleggsskjema og dokumentasjon frå særkrins/klubb som stadfestar dei idrettslege prestasjonane.
- (4) Sogn og Fjordane idrettskrins prioriterer mellom søkjarane.
- (5) Inntaket skjer på grunnlag av konkurransepoeng. Søkjarar som vert prioriterte av Sogn og Fjordane idrettskrins og som får inntak, får tilbod om å delta i ordninga.

§ 1-6 Inntak til særskilde yrkesfaglege utdanningsløp som leiar fram til yrkes- og studiekompetanse

- (1) Inntaket vert gjort på bakgrunn av karakterar (konkurransepoeng) og intervju i bedrift. Søkjarar må ha avtale med skulen om læreplass i bedrift.

§ 1-7 Inntak til landslinjer og landsdekkande tilbod

- (1) Søkjarar til landslinjer og landsdekkande tilbod skal søkje til heimfylket. Søkjarar frå heile landet konkurrerer likt ved inntak til landslinjer og landsdekkande tilbod. Inntaket vert gjennomført på bakgrunn av konkurransepoeng (karakterar).

§ 1-8 Inntak til statlege vidaregåande skular

- (1) Søkjarar frå inntaksområde 1 kan søkje statlege vidaregåande skular på linje med søkjarar frå andre fylke. Inntaket vert gjennomført på bakgrunn av konkurransepoeng (karakterar).

§ 1-9 Inntak av elevar med rett til spesialundervisning og som har sterkt nedsett fysisk eller psykisk funksjonsevne

- (1) Fylkesrådmannen avgjer etter søknad om det ligg føre tungtvegande grunnar for at søkjarar som oppfyller vilkåra i § 6-17 i forskrift til opplæringslova kan få inntak til ein bestemt skule, sjølv om søkjarane ikkje har nok konkurransepoeng til å komme inn på skulen.

§ 1-10 Inntak av norske elevar i utlandet og utanlandske elevar i Norge (utvekslingselevar)

- (1) Norske søkjarar med ungdomsrett som er utvekslingselevar ved ein skule i utlandet og utanlandske søkjarar i Norge skal takast inn på individuelt grunnlag.

§ 1-11 Endra status frå fulltidselev til deltidselev

- (1) Fylkesrådmannen avgjer om søknad om å endre status frå fulltidselev til deltidselev skal godkjennast.
- (2) Søknad kan berre godkjennast når det ligg føre tungtvegande og dokumenterte årsaker.

§ 1-12 Inntak av deltidselevar til vg2/vg3

- (1) Elevar som ikkje oppfyller vilkåra i § 6-28 (skal ha bestått alle fag på lågare nivå for å vere kvalifisert til eit tilbod) eller § 6-37 (heilskapleg vurdering av om søkjaren samla sett har faglege føresetnader for å følgje opplæringa på neste nivå), kan i særlege tilfelle likevel takast inn som deltidselevar.
- (2) Fylkesrådmannen tar inn deltidselevar.
- (3) Inntak av deltidselevar skjer etter at fulltidselevar har fått inntak.
- (4) Deltidselevar med ungdomsrett skal få inntak før deltidselevar utan ungdomsrett. Ved ledige plasser kan søkjarar utan ungdomsrett få inntak.

§ 1-13 Søknadsfristar

- (1) Søknadsfristen er 1. februar for søkjarar som søker om fortrinnsrett, søker om individuell handsaming eller som minoritetsspråkleg søkjar. For ordinære søkjarar er søknadsfristen 1. mars.
- (2) Søknader frå søkjarar utan rett vil ikkje verte handsama etter søknadsfristen.
- (3) Søknader frå søkjarar med ungdomsrett vil verte handsama individuelt, og søkjarane kan få tilbod der det vert ledige plassar etter siste inntak.
- (4) Inntak i samarbeid med oppfølgingstenesta kan skje uavhengig av fristane som er nemnde ovanfor.
- (5) Søknader etter søknadsfristen (søkjarar med rett) må grunngjevast skriftlig. Alle søkjarar får svar.

§ 1-14 Flytting

- (1) For å kome med i inntaket til vidaregåande skule i inntaksområde 1 må flytting vere meldt til folkeregisteret innan 1. mars.
- (2) Søkjarar som flyttar til inntaksområde 1 etter 1. mars, kan takast med i inntaket dersom det ligg føre særlege årsaker. Søkjarar som flyttar til inntaksområde 1 saman med familien sin kjem inn under omgrepet særlege årsaker.
- (3) Søknader med dokumentasjon må sendast til Vestland fylkeskommune innan 23. juni.

§ 1-15 Bruk av retten til vidaregåande opplæring

- (1) Søkjar med lovfesta rett til vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 3-1 brukar ikkje av retten dersom opplæringa utgjer 1/3 eller mindre av timetalet frå eit utdanningsprogram eller eit programområde, jf. forskrift til opplæringslova § 6-4, 1. ledd.
- (2) Elevar (heiltidselevar) brukar ikkje av retten sin dersom dei sluttar innan 1. november.
- (3) Elevar som sluttar etter 1. november i skuleåret har brukt eitt år av den tre-årige ungdomsretten.

§ 1-16 Frammøte ved skulestart

- (1) Elevane må møte på skulen første skuledag.
- (2) Dersom ein elev ikkje kan møte første skuledag må skulen få melding. Fråværet må dokumenterast. Dersom skulen ikkje får melding mister eleven skuleplassen.

§ 1-17 Rektor sin rett til inntak av elevar

- (1) Rektor har ikkje rett til å ta inn elevar før fylkesrådmannen sitt inntak er avslutta.
- (2) Når fylkesrådmannen har avslutta inntaket vert vidare inntak delegert til rektor. Rektor skal følgje ventelistene som er utarbeidde av fylkesrådmannen.
- (3) Når alle søkjarane med ungdomsrett på venteliste har fått tilbod om skuleplass, kan rektor gi tilbod til søkjarar med ungdomsrett som ikkje står på venteliste.
- (4) Deretter kan rektor gje tilbod til søkjarar etter følgjande prioritering:
 1. Søkjarar med fullføringsrett
 2. Søkjarar med vaksenrett.
- (5) Søkjarar utan rett, og som er busette i inntaksområde 1, kan takast inn dersom det framleis er ledige plassar når alle søkjarar med rett har fått tilbod.
- (6) Fylkesrådmannen vil gje nærare retningslinjer for når inntak av søkjarar utan rett kan starte, og for når inntaket kan avsluttast og ventelistene kan fråvikast.

KAPITTEL 2. REGLAR FOR INNTAK I INNTAKSOMRÅDE 2

Del 1. Inntak

§ 2-1 Regionalt / karakterbestemt inntak

- (1) I inntaksområde 2 er det kapasitetsstyrt fritt skuleval. Dette inneber at ein søkjar står fritt til å søkje seg inn på skular i heile inntaksområde 2 uavhengig av bustad.
- (2) Søkjarar busette i enkelte grenseområde med andre fylke, vert behandla i høve til eigne avtalar mellom fylkeskommunane.
- (3) Elevar som får urimeleg lang reisetid, har rett til inntak på nærskulen etter skjønnsmessig vurdering. For å få rett til slik vurdering må eleven ha ført opp nærskulen som sitt førsteval. Døme på urimeleg lang reiseveg er der søkjar må flytte på hybel, eller reisevegen inkludert evt. busskorrespondanse overskrider 60 minutt om eleven ikkje får plass på næraste skule.

§ 2-2 Inntak til Vg1

- (1) Søkjar må prioritere tre utdanningsprogram ved innsøking til Vg1. Innanfor kvart utdanningsprogram kan det prioriterast inntil seks skular.
- (2) Inntaket vert gjort på bakgrunn av poengsum (karakterpoeng) basert på karakterar frå grunnskulen.
- (3) Dersom søkjar ikkje har nok karakterpoeng til å kome inn på nokon av ønskja sine, vil søkjar få tilbod om plass ved andre skular som tilbyr dei prioriterte programma ved siste inntaksomgang før skulestart.
- (4) Søkjar som ikkje fører opp tre ulike utdanningsprogram, kan bli plassert på andre skular med ledig kapasitet ved siste inntaksomgang før skulestart.
- (5) Etter at fulltidselevar er tatt inn til vidaregåande opplæring, kan fylkesrådmannen ta inn deltidselevar.

§ 2-3 Inntak til Vg2 og Vg3

- (1) Søkjar kan prioritere inntil tre programområde som han/ho er kvalifisert til ved innsøking til Vg2 eller Vg3. Innanfor kvart programområde kan det prioriterast inntil seks skular.
- (2) Inntaket vert gjort på bakgrunn av karakterpoeng for kompetansegejevande kurs. Ved innsøking til Vg2 vert karakterar frå Vg1 lagt til grunn, og ved innsøking til Vg3 vert karakterar frå Vg2 lagt til grunn.

- (3) Søkjar til Vg2 på utdanningsprogramma studiespesialiserande (ST), idrett (ID), medium og kommunikasjon (MK), kunst, design og arkitektur (KDA) og musikk, dans og drama (MDD) har rett til å halde fram på same skule der Vg1 er fullført dersom ho/han har kompetanse frå Vg1 og har søkt som fulltidselev etter inntaksforskrifta. Føresetnaden er at det vert søkt om inntak påfølgjande år, og at den skulen der ho/han har fullført Vg2, er første prioritet. Til Vg2 musikk ved Langhaugen vgs vert elevar frå Vg1 musikk, dans og drama ved skulen prioritert for inntak saman med søkjarar frå Vg1 ved andre fylkeskommunale skular.
- (4) Dersom søkjar ikkje har tilstrekkeleg karakterpoeng til å kome inn på prioriterte programområde og skular, vil søkjar bli vurdert til andre programområde som ho/han er kvalifisert til, men som ikkje er prioritert i søknaden.

§ 2-4 Inntak til Vg3 studiespesialiserande programområde

- (1) Søkjar til Vg3 studiespesialiserande programområde har rett til å halde fram på same skule der Vg2 er fullført dersom ho/han har kompetanse frå Vg2 og har søkt som fulltidselev etter inntaksforskrifta. Føresetnaden er at det vert søkt om inntak påfølgjande år og at den skulen der ho/han har fullført Vg2, er første prioritet.

§ 2-5 Inntak til Vg1 musikk, dans og drama

- (1) Inntil 50 % av søkjarane kan takast inn på grunnlag av ei ferdigheitsprøve (inntaksprøve) i tillegg til karakterpoeng. Skala for tilleggspoeng etter ferdigheitsprøve blir fastsett av fylkesutvalet.
- (2) Det er berre søkjarar som har sett opp Vg1 musikk, dans og drama (MDD) som sitt første ønskje, som kan framstille seg til ferdigheitsprøve.

§ 2-6 Inntak til Vg1 idrettsfag

- (1) Inntil 50 % av søkjarane som har Idrettsfag som sitt første ønskje, kan takast inn på grunnlag av dokumenterte ferdigheiter (idrettslege kriterier) i tillegg til karakterpoeng. Skala for tilleggspoeng, på bakgrunn av dokumentasjon frå særkrets, blir fastsett av fylkesutvalet.
- (2) Søkjarar som ønskjer tilleggspoeng, må sende inn dokumentasjon frå særkrets som stadfestar forholdet. Dokumentasjon skal sendast skulen dei har som sitt første ønskje.

§ 2-7 Inntak til landslinjer og landsdekkande tilbod

- (1) Søkjarane til landslinjer og landsdekkande tilbod skal registrere søknaden i heimfylket. Søkjarar frå heile landet konkurrerer likt ved inntak til landslinjer og landsdekkande tilbod. Inntaket skjer på grunnlag av karakterpoeng frå kompetansejevande Vg1/Vg2.

§ 2-8 Inntak av elevar med rett til spesialundervisning og som har sterkt nedsett fysisk eller psykisk funksjonsevne

- (1) Fylkesrådmannen avgjer om det ligg føre tungtvegande grunnar for at ein søkjar som oppfyller vilkåra i forskrift til opplæringslova § 6-17, bør takast inn til ein bestemt skule, sjølv om søkjaren ikkje har tilstrekkelege karakterpoeng til å kome inn på skulen.
- (2) Søkjaren har ikkje rett til inntak på ein bestemt skule.

§ 2-9 Permisjon frå vidaregåande opplæring

- (1) Elevar som har ungdomsrett og som har teke i mot skuleplass, men må seie ifrå seg plassen i løpet av skuleåret pga. t.d. langvarig sjukdom, svangerskap eller sosiale grunnar, kan søke om permisjon frå vidaregåande opplæring. Dersom permisjon blir innvilga, vil eleven ikkje bruke av retten til vidaregåande opplæring, jf. forskrift til opplæringslova § 6-3, 2. ledd. Eleven vil kunne få reservert skuleplassen til året etter ved same skule og tilbod. Det vert teke atterhald om endringar i tilbodsstrukturen.
- (2) Denne føresegna gjeld berre for offentlege skular

§ 2-10 Utvekslingselevar som søkjer seg inn til Vg3

- (1) Søkjar med opplæringsrett som er elev ved ein skule i utlandet, vert prioritert etter søkjarar som har fullført og bestått Vg2 som fulltidselev ved den prioriterte skulen.

- (2) Dersom det melder seg fleire søkjarar enn det er elevplassar, skal elevplassane fordelast etter poengsum utrekna på grunnlag av karakterpoeng frå Vg1.

§ 2-11 Endre status frå å vere fulltidselev til deltidselev

- (1) Rektor avgjer om ein søknad frå ein fulltidselev om å bli deltidselev skal imøtekomast. Søknad kan berre imøtekomast når det ligg føre dokumenterte, tungtvegande grunnar, jf. forskrift til opplæringslova § 6-5 tredje ledd. Overskriden fråværsgrænse i eitt eller fleire fag er ein slik tungtvegande grunn.

§ 2-12 Inntak av deltidselevar til Vg2/Vg3

- (1) Elevar som ikkje oppfyller vilkåra i § 6-28 eller § 6-37, kan i særlege tilfelle likevel takast inn som deltidselevar.
- (2) Det er fylkesrådmannen som tek inn deltidselevar i samband med inntak av elevar.
- (3) Inntak av deltidselevar skjer etter at fulltidselevar er tekne inn.
- (4) Deltidselevar med ungdomsrett vil bli tatt inn før deltidselevar utan ungdomsrett. Ved ledige plassar vil også elevar utan rett kunne bli tatt inn.

§ 2-13 Omval og å ta fag på nytt

- (1) Elevar som har tatt omval etter opplæringslova § 3-1 fjerde ledd og har halvårsvurdering i fellesfag, kan avtale med skulen at dei ikkje vil ta faget på Vg1 på nytt. For å kvalifisere til vitnemål, må dei ta faget på Vg2.
- (2) Elevar som har tatt omval etter opplæringslova § 3-1 fjerde ledd og har standpunktarakter i fellesfag, kan velje å ta faget på nytt, jf. forskrift til opplæringslova § 3-17a tredje ledd. Det er siste karakter som vert ført på vitnemålet eller kompetansebeviset, jf. forskrift til opplæringslova § 3-46 femte ledd. Dersom eleven ombestemmer seg i løpet av skuleåret, må eleven slutte i faget før 1. november for å behalde den første standpunktarakteren.
- (3) Elevar som har tatt omval etter opplæringslova § 3-1 fjerde ledd og har standpunktarakter i fellesfag, kan søke om å få faget godkjent etter forskrift til opplæringslova § 1-16 dersom dei vil behalde standpunktarakteren og ikkje ta faget på nytt.

§ 2-14 Å ta fag på nytt utan omval

- (1) Elevar som går innføringsklasse eller kombinasjonsklasse og tek fag frå ordinære læreplanar i vidaregåande, kan velje om faget skal godkjennast etter § 1-16 eller velje å ta faget på nytt i vidaregåande opplæring.

§ 2-15 Søknadsfrist

- (1) Søknadsfristen er 1. februar for søkjarar som fell inn under forskrift til opplæringslova § 6-8 første ledd, og 1. mars for elevar som søker seg inn i det ordinære inntaket, jf. forskrift til opplæringslova § 6-8 andre ledd.
- (2) Søknader frå søkjarar med opplæringsrett som vert mottekne etter søknadsfrist, vil berre bli behandla i den utstrekning det er mogleg, jf. forskrift til opplæringslova § 6-8 fjerde ledd. Det er fylkesrådmannen som avgjer dette. I den utstrekning det ikkje er mogleg å behandle søknaden, vil søknaden bli avvist og melding sendt søkjar.

§ 2-16 Flytting

- (1) For å vere med i inntaket til vidaregåande opplæring må det vere meldt flytting til inntaksområde 2 innan 1. mars.
- (2) Søkjarar som flytter til inntaksområde 2 etter 1. mars, kan takast med i inntaket dersom det ligg føre særleg grunn.
- (3) Dokumentasjon om planlagt flytting må sendast til Vestland fylkeskommune innan 23. juni for at søknaden skal kome med i første inntaksomgang.

§ 2-17 Bruk av retten til vidaregåande opplæring

- (1) Søkjar med lovfesta rett til vidaregåande opplæring (opplæringsrett) brukar ikkje av retten dersom opplæringa utgjer 1/3 eller mindre av timetalet til eit utdanningsprogram eller eit programområde, jf. forskrift til opplæringslova § 6-3.
- (2) Opplæringsretten vert ikkje brukt dersom eleven har slutta før 1. november.
- (3) Elevar med behov for ekstra tid for å kunne nyttiggjere seg retten sin kan i særskilte tilfelle få inntil 2 år ekstra dersom dei kan dokumentere dette, jf. forskrift til opplæringslova § 3-43. Det er fylkesrådmannen som fattar vedtak om dette etter skriftleg søknad. Når elevane får vedtak om å bruke 2 år på same trinn, har dei fortrinn til inntak på same skule.

§ 2-18 Frammøte første skuledag

- (1) Elevar må møte på skulen 1. skuledag.
- (2) Dersom ein elev blir borte frå skulen 1. skuledag utan gyldig grunn, misser vedkomande skuleplassen. Elevar som møter 1. skuledag, men deretter blir borte dei to neste dagane utan gyldig grunn, misser plassen.
- (3) Ved sjukdom pliktar eleven å gje beskjed til skulen snarast mogleg og seinast innan oppmøtetidspunkt første skuledag om at vedkomande ikkje kan møte. Forholdet må dokumenterast med legeerklæring.

§ 2-19 Rektor sin rett til inntak av elevar

- (1) Rektor har ikkje rett til å ta inn elevar så lenge fylkesrådmannen sitt inntaksarbeid ikkje er avslutta, eller at dette på annan måte er delegert.
- (2) Etter at fylkesrådmannen har avslutta inntaksarbeidet vert ansvaret for vidare inntak delegert til rektor. Rektor skal følgje ventelistene som er utarbeidd frå fylkesrådmannen fram til utgangen av august. Frå 1. september vert inntaket rekna som avslutta.
- (3) Når alle søkjarar med ungdomsrett på venteliste har fått tilbod om skuleplass, kan rektor gi tilbod til søkjarar etter følgjande prioritering:
 1. Søkjarar med vaksenrett som står på venteliste
 2. Søkjarar med vaksenrett som ikkje står på venteliste
 3. Søkjarar med fullføringsrett som står på venteliste
 4. Søkjarar med fullføringsrett som ikkje står på venteliste
 5. Søkjarar utan rett som er busett i Hordaland fylke kan takast inn etter at alle søkjarar med rett til utdanning har fått tilbod, og det framleis er ledige plassar.
- (4) Inntaket til alternativ sluttopplæring Vg3 i skule vert ikkje delegert til skulane.

Del 2. Inntak til IB

§ 2-20 Vilkår for inntak til Vg1 studiespesialiserande med førebuande IB (pre-IB)

- (1) Vilkår for inntak til Vg1 pre-IB er at søkjaren har fullført norsk grunnskole eller tilsvarande. Sjå reglane i forskrift til opplæringslova § 6-13 for kva som reknast som tilsvarande og korleis det kan dokumenterast.
- (2) For å kvalifisere til inntak til pre-IB må søkjaren ha minst karakteren 4 i matematikk og engelsk, i tillegg til gjennomsnittskarakter på minst 4,5.

§ 2-21 Rekkefølge ved inntak til Vg1 studiespesialiserande med førebuande IB (pre-IB)

- (1) Dersom det melder seg fleire søkjarar enn det er elevplassar, skal elevplassane fordelast etter poengsum utrekna på grunnlag av forskrift til opplæringslova § 6-21. Karakterar frå andre utdanningssystem med annan karakterskala vert rekna om etter ei lineær omrekning, der karakterane frå anna karaktersystem vert vekta mot norsk karakterskala.

§ 2-22 Inntak til IB Diploma Programme

- (1) Vilkår for inntak til IB Diploma Programme er at søkeren har bestått Vg1 studiespesialiserende med førebunde IB (pre-IB), Vg1 studiespesialiserende, MYP 5/Grade 10 frå IB eller tilsvarande.
- (2) For å kvalifisere til inntak til IB Diploma Programme må søkeren ha minst karakteren 4 i matematikk og 5 i engelsk, i tillegg til gjennomsnittskarakter på minst 4,5.
- (3) Søklarar kan verte bedne om å ta ein opptaksprøve dersom det er uklårt om søkeren er kvalifisert.

§ 2-23 Inntak til 3IB

- (1) IB Diploma Programme er eit kurs over to år med 2IB og 3IB. Det er ikkje ordinært opptak til 3IB, og elevar som er tekne inn på 2IB, kan fortsetta på 3IB. Elevar frå andre IB Diploma Programme «transfer-students» kan søkje inntak til 3IB. Avgjerd om inntak vert teken etter individuell vurdering, der karakternivå og fagsamansetning er sentrale moment.

§ 2-24 Søknadsfrist til IB

- (1) Søknadsfristen er 1. mars. For søklarar som flyttar til Vestland etter søknadsfristen, gjeld reglane i § 16.

§ 2-25 Søknad til IB

- (1) Søknad skal sendast gjennom VIGO. Søklarar som ikkje kan søkje gjennom VIGO, nyttar eige søknadsskjema.

KAPITTEL 3. FELLES FØRESEGNER

Del 1. Formidling

§ 3-1 Søknad om formidling av læreplass

- (1) Fristen for å søkje formidling til læreplass er 1. februar for lære kandidat og 1. mars for lærlingar, jf. forskrift til opplæringslova § 6A-4.
- (2) Søknader frå søklarar med ungdomsrett vil etter søknadsfristen bli behandla manuelt så langt råd er. Søknaden skal grunngjevast. I den utstrekning det ikkje er mogleg å behandle søknaden, vil søknaden bli avvist og melding sendt søker.
- (3) Søknader frå søklarar utan rett vert ikkje handsama av fylkesrådmannen etter søknadsfristen. Søklar skal ha skriftleg melding om å kontakte aktuelle bedrifter direkte.

§ 3-2 Formidling

- (1) Alle søklarar vert formidla til lærebedrifter når søknadsfristen har gått ut. Etter 1. august vert søklarar som ikkje har ungdomsrett og søklarar med ungdomsrett som ikkje er kvalifiserte bli tekne ut av formidlingslistene.
- (2) For å vere kvalifisert må søkeren ha bestått fellesfag og programfag på Vg1 og Vg2, eller ha karakteren 1 i inntil to fellesfag, jf. forskrift til opplæringslova § 3-51

§ 3-3 Alternativ slutt opplæring Vg3 i skule

- (1) Søklarar som ikkje har fått læreplass innan 1. september vil få tilbod om Vg3 i skule. Tilbod om Vg3 i skule vert gitt i eit fag på Vg3 som byggjer på det programområdet på Vg2 som søkeren har gjennomført.
- (2) Søkjaren må vere kvalifisert til å framstille seg til fag- eller sveineprøve. Dette betyr at søkeren må ha bestått fellesfag og programfag på Vg1 og Vg2, eller ha karakteren 1 i inntil to fellesfag, jf. forskrift til opplæringslova § 3-51
- (3) Søklarar som har takka nei til tilbod om læreplass, har ikkje rett til tilbod om alternativ slutt opplæring Vg3 i skule.

§ 3-4 Bruk av retten til vidaregåande opplæring

- (1) Bruk av rett tek utgangspunkt i forskrift til opplæringslova § 6-3. Som hovudregel (2+2-modellen) har ikkje lærlingar og lære kandidatane brukt av retten sin dersom dei sluttar innan 6 månader etter at lærekontrakt/opplæringskontrakt er inngått.
- (2) Etter 6 månader opplæring i bedrift har lærlingen/lære kandidaten brukt av retten sin. Desse 6 månadene treng ikkje vere samanhengande i ei lærebedrift.
- (3) Ved andre modellar i fagopplæringa skal læretida reknast ut individuelt.
- (4) Fylkesrådmannen avgjer når retten er brukt opp etter dei ulike modellane for fagopplæring.

Del 2. Ikraftsetjing og endringar i forskrifta

§ 3-5 Mindre endringar i forskrifta

- (1) Fylkesrådmannen har rett til å gjennomføre mindre endringar i forskrifta.
- (2) Dersom endringane er av ein slik art at dei påverkar elevane sine vilkår for inntak til bestemte tilbod, skal likevel endringane behandlast politisk.

§ 3-6 Delegering av ansvar

- (1) Fylkesrådmannen har rett til å delegere ansvar i denne forskrifta.

§ 3-7 Ikraftsetjing

- (1) Forskrifta tek til å gjelde 1. januar 2020. Samtidig vert forskrift 14. oktober 2018 nr. 1328 om inntak til vidaregåande opplæring og formidling til lære plass i Sogn og Fjordane fylkeskommune og forskrift 8. desember 2018 nr. 1919 om inntak til vidaregåande opplæring og formidling til lære plass i Hordaland fylkeskommune oppheva.